

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet for timen og sjå Mangfald og følelsar (youtube.com)
	Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg: Kva er typisk jente og typisk gut? Er det eigentleg så stor forskjell på jente og gut?
	Jenter og gutar kan likne på kvarandre i interesser, følelsar, tankar og veremåtar.
	Og to gutar kan vere veldig ulike i interesser, følelsar, tankar og veremåtar.
	Kva var det med desse to? Kva trur de hadde skjedd om jenta kom utkledd som brannkonstabel og guten kom som prinsesse? Hadde nokon sagt noko stygt til dei? Hadde nokon sagt noko fint til dei? Korleis ville det vere bra om andre reagerte?
	Er det greitt for gutar i vår klasse å gå med rosa klede? Eller for jenter å gå med svarte?
	Kven av desse er jente og kven er gut? Og er det eigentleg så viktig?
Jenter, gutar eller begge deler – aktiv øving i klasserommet: Lag 3 ulike plassar i klasserommet der 1=jenter 2= gutar og 3 = begge deler. Les opp desse spørsmåla og la elevane gå den plassen dei meiner er rett. La elevane som står på same plass snakke med kvarandre og finne argument for påstanden sin, og spør gjerne gruppene kva dei har svart. Gi beskjed om at det alltid er lov å ombestemme seg om ein synes andre argumenterer godt. Kven likar å danse? Jenter – gutar – eller begge deler? Kven kan bli lærar? Kven kan vere gode i sport? Kven kan spele dataspel? Kven kan bli brannkonstabel? Kven kan gå med kjole? Kven kan bli sjukepleiar? Kven kan bruke sminke? Kven kan slåst? Kven kan bli forelska i jenter? Kven kan bli fotballproff? Kven kan ha rosa klede? Kven kan gå i bikini? Kven kan vere skoleflink?	

	Zmekk - Kjønn og likestilling / Norsk - YouTube
	Er det forskjell på hva som passer for jenter og gutter? La elevane jobbe i små grupper på 2-4 elevar og fyller arket saman. Etterpå kan de samanlikne hva gruppene har kome fram til.
	Sjå ein av desse to filmene om kjønn og likestilling. Sjå gjerne den andre ein annan dag. Likelønn: Har disse barna skjønnet noe sjefen din ikke skjønner? - YouTube
	Noko av grunnen til at menn statistisk tener meir enn damer framleis er at tradisjonelle kvinneyrke er lågare betalt enn mange tradisjonelle mannsyrke. No skal elevane få prøve å finne ut kvifor nokre yrker blir sett på som typiske for menn eller damer, og om det finnast gode grunnar til at det er slik. Skriv ut «Kven passar denne jobben for?» og la elevane jobbe i grupper. Dei skal sjå på kvart yrke og finne ut: • Om dette er eit yrke som passar best for menn, damer eller begge. Dei kan snakke saman og krysse av. Etterpå prøver de å finne ut om der framleis finnast yrke der ein faktisk bør vere mann eller dame for å ha yrket.
	Det er fint om de også kan reflektere saman om korleis det ville vore dersom vi ikkje var så opptatt av kjønn. Korleis hadde vi merka forskjell i kvardagen? På skulen? I butikkar? På fritida?
	Litt Frosketid? Pust med naturen (s-pust) - YouTube